

ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA 2022

Leiar: Asgeir Bakke

Kjell Folkestad

Kari-Ann H. Horne

Anne Karin Løken Nesstun

Friidrettsgruppa har hatt ei trening i veka, i frå mai og utover hausten, til andre vinteraktivitetar startar. Vi tar oss og ei pause om sommaren. Treningane har vore på tysdagar. Det har vore jamt oppmøte på treningane, mellom 20-40 ungar. Flest på den yngste gruppa. Har hatt med deltakarar på Sparebankleikane, og Hornindalsleikane. Elles dårleg deltaking på friidrettsstemner. Vi har investert i ny høgdematte i år, til kr 50 000,-. Takkar Naustdal Transport for gratis frakt frå Lillestrøm.

Arrangementer vil har hatt:

27 april, terrengløp med ca 50 deltakarar.

28 august; Under Brekka med ca 30 deltakarar, 4 av dei var i konkurranseklassa.

Ope lagsmesterskap 13 september, ca 30 dektakarar.

Har og hatt nokre økter med Sommarcampen.

Fjelltrimmen går sin vante gang, med premiering til dei to klassane under tjue år. Dei to mest besøkte fjellpostane var som vanleg Naustdalkamben og Kjenndalen. Resultat ligg på faceboksida til Haugen il.

Friidrettsgruppa har bestemt at Under Brekke blir lagt på is frå vår side, grunna lite deltaking dei siste åra.

Hjelmeland, 5.3.23

Asgeir Bakke, leiar